

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Møte sammen med kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane på Vestlandet:

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om planane for samlinga med dei andre kontrollutvala i fylkeskommunane på Vestlandet, som skal haldast i Flåm 22. – 23.6.15. Program vert send ut til kontrollutvalet innan kort tid.

Planlegging av møtet i kontrollutvalet i august 2015:

Sekretariatet la fram ei skisse til program for to-dagars møtet som skal haldast i Bergen og Os 24. – 25.8.15. Kontrollutvalet slutta seg til skissa og ba sekretariatet arbeidet vidare med planlegginga.

Status forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i samband med handsaming av referatsak RS 3/15 «Forvaltningsrevisjon av samhandling på vegområdet – Status pr. november 2014» i møte 16.2.15:

«Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang fleire positive prosessar for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak, men at ferdigstilling for nokre vil skje i løpet av første kvartal 2015 og i løpet av første halvår 2015. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på området innan 17.4.15. I denne tilbakemeldinga er det ønskjeleg med meir konkrete fristar for gjennomføring av tiltaka, jf. vedtak i fylkestinget 12.12.12 punkt 6.»

Kontrollutvalet har til no ikkje motteke skriftleg status i tråd med vedtaket over. Det viste seg også ved forrige rapportering at svar vart motteke 5.1.15, lenge etter den fastsette fristen som var 17.11.14.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at statusrapport med frist 17.4.15 vert levert snarast. I tillegg vert fylkesrådmannen bede om å komme i møte 17.6.15 for å presentere statusrapporten og å orientere om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.